## 2 tilflyttarprisar vert utdelt

15.09.2013




**I perioden frå siste halvår i fjor til 1. julii år har i alt 353 personar meldt flytting til Kvinnherad, og no er alle desse inviterte til ei samling i kulturhuset på Husnes 2. oktober.**

Dei som møter opp er samtidig med i trekkinga av 2 "tilflyttarprisar", kvar på 10.000 kroner som er frå kommunen og Harding (biletet)

Kvinnherad Næringsservice og Kvinnherad kommune står bak invitasjonen

Under arrangementet i vil arrangørane blant anna presentera eit utval av fritidsaktivitetane som finst i kommunen.

Der blir elles innslag av elevar i kulturskulen, forutan at representantar frå Kvinnherad Næringsservice, Kvinnherad Turlag og Festidalen vil orientera om det dei driv på med
Bakar Peder Sjo Slettebø vil fortelja om etableringa av verksemda si.